

# Generelle avtalevilkår

## 1. Innleiande vedtak

- 1.1 Hardangerbrua AS (heretter HB AS) gir Kunden rett til å nytte AutoPASS-brikka (Brikka) i bomstasjonen på Hardangerbrua.
- 1.2 Kunden aksepterer dei vilkåra som følgjer Avtalen.
- 1.3 Avtalen omfattar Generelle vilkår, Lokale vilkår, Avtaleskjema og Rettleiing. Ved motstrid gjeld ovanfor nemnde rekkefølge.
- 1.4 Kunden er sjølv ansvarleg for å halde seg oppdatert om kva for Anlegg som er tilknytt Avtalen. Informasjon kan fåast på [www.autopass.no](http://www.autopass.no) eller telefon 02012.
- 1.5 Kunden sitt bruk av Anlegg som er knytt til Avtalen, vert belasta Avtalen.

## 2. Avtaleperiode

- 2.1 Avtalen er gyldig frå den startdato som er angitt i Avtalen, tidlegast frå dato for HB AS sin forhandlar si underskrift.
- 2.2 Avtalen er gyldig inntil ein av partane skriftleg sier opp Avtalen eller at Brikka (ene) vert returnert.

## 3. Kunden sitt ansvar

- 3.1 Dei ulike typar avtalar og betalingsordningar som kan teiknast, går fram av Avtaleskjemaet. Desse samt depositum for Brikka vert fastsett av offentlege styresmakter, og går fram av separat prisoversikt.
- 3.2 Kunden er ansvarleg for at opplysningar som er gitt i Avtaleskjemaet er korrekte.
- 3.3 Retten til bruk av Brikka føreset rettidig betaling av krav frå HB AS.
- 3.4 Kunden kan ikkje nytte Brikka i andre motorvogner enn det som er angitt i denne Avtalen.
- 3.5 Passeringar skal skje i felt merka med AutoPASS eller felt for elektronisk lesing.
- 3.6 Montering og bruk av Brikka skal skje i høve instruksjonar gitt av HB AS.
- 3.7 Kunden skal melde ei kvar endring i kjøretøydata, innan tre arbeidsdagar etter at slik endring har skjedd. Slike endringar skal imidlertid ikkje skje oftare enn kvar tredje dag.
- 3.8 Verken Avtalen eller Brikka kan overførast til andre.
- 3.9 Kunden er betalingsansvarleg for bruk av Brikka hos kvar Operatør tilknytt AutoPASS-tenesta fram til retur eller meldt tap av Brikka, uansett om han sjølv nyttar eller let andre nytte Brikka.

## 4. HB AS sine plikter

- 4.1 HB AS skal tilby Kunden informasjon om AutoPASS-tenesta og bruk av denne.

- 4.2 Det blir gitt grønt lyssignal ved godkjend passering. Kvitt lys varslar godkjend passering, men at innbetalt forskot snart er oppbrukt. Ingen lys blir gitt ved ubetalt /ugyldig avtale, manglande brikke, feil på brikke eller feilaktig montering, og utløyser automatisk videofotografering. I andre automatiske bomstasjonar kan andre lyssignal forekomme
- 4.3 Dersom HB AS gjer feil ved registrering av kjøretøydata kan Kunden krevje HB AS for dekking av feilaktig betalte krav.

## 5. Tilleggsavgift og misleghald

- 5.1 Brot på Avtalen kan medføre tilleggsavgift for Kunden.
- 5.2 Klage på tilleggsavgift skal alltid rettast skriftleg til det selskap som har sendt ut tilleggsavgifta.
- 5.3 Dersom Kunden gir feil opplysningar om kjøretøydata slik at HB AS vert påført tap, kan Kunden etterskotskrevjast for det tapet HB AS er påført.
- 5.4 HB AS har rett til å heve Avtalen dersom Kunden vesentleg mislegheld dei plikter som følgjer av Avtalen.

## 6. Tap, skade eller tjuveri av Brikka

- 6.1 Kunden er ansvarleg for all oppbevaring og bruk av Brikka. Ved tap, skade eller tjuveri vert ikkje depositumet refundert.
- 6.2 Kunden er ikkje betalingsansvarleg for bruk av Brikka dersom Brikka eller kjøretøyet er stole. Dette føreset at Kunden ikkje var uaksam ved oppbevaring av brikka samt at forholdet vert anmeldt.

## 7. Oppseiing av Avtalen

- 7.1 Kunden har til ei kvar tid rett til skriftleg å seie opp Avtalen med HB AS
- 7.2 Avtalen kan overførast til ein annen Leverandør dersom HB AS legg ned verksemda si. Melding om nedlegging vil bli gitt seinast 3 månader før.
- 7.3 Ved oppseiing vil unytta, innbetalt forskot bli refundert Kunden, i høve Lokale avtalevilkår.

## 8. Endringar i Avtalen

- 8.1 HB AS kan foreta mindre endringar i Avtalen. Gjeldande versjon av Avtalen finst på [www.hardangerbrua.no](http://www.hardangerbrua.no), og hos HB AS sine forhandlarar. Vesentlege endringar skal kunngjerast eller sendast skriftleg til Kunden. Nemde endringar trer i kraft ved første etterfølgjande betaling av faktura, eventuelt trekk på Kunden sin konto hos HB AS.

- 8.2 Endringar i avtaleperioden vil berre kunne skje som følgje av politiske styresmakter sine vedtak eller andre ekstraordinære forhold utanfor HB AS sin kontroll. Slike endringar vil verte kunngjort seinast 4 veker før endringa trer i kraft. Endringar av takstar og andre prisar blir annonsert i høve vedtak gitt av Samferdsledepartementet og Statens vegvesen.

## 9. Personvern

- 9.1 All bruk av Brikka vil bli registrert i samband med betalingskontroll, framstilling av anonymisert statistikk, og eventuelle opplysningar til Kunden. Registreringa skjer i høve personopplysningslova.
- 9.2 Brikka kan nyttast for anonymisert datainnsamling. Dette skal utførast utan at personopplysningar vert tatt med.
- 9.3 Nærare informasjon om behandling av opplysningar om Kunden, kan fåast hos HB AS. Opplysningar om Kunden blir berre nytta til å administrere AutoPASS-tenestene. Opplysningar om Kunden kan bli utlevert til operatørar av AutoPASS-tenestene.
- 9.4 Opplysningar om kvar enkel AutoPASS-passering blir sletta så raskt som mogleg etter at fakturaen er betalt. Ved tvist om betalingsplikt, blir opplysningane tatt vare på inntil kravet er gjort opp eller rettsleg avgjort.

## 10. Kommunikasjon

- 10.1 Spørsmål frå Kunden til HB AS om Avtalen, Brikka m.v. skal sendast skriftleg pr. brev, telefaks eller e-post til adressa som er oppgitt på Avtaleskjemaet.
- 10.2 Med mindre anna er omtala i Avtalen skal meldingar som gjeld Avtalen mellom HB AS sendast til Kunden pr. post eller e-post til adressa oppgitt i Avtaleskjemaet. Meldingar kan også sendast med i fakturautsendingar og eventuelle purringar.
- 10.3 Reklamasjon på belastning av passeringar må framsetjast seinast 30 dagar frå det tidspunkt da Kunden fekk kunnskap om belastninga. For passeringar i utlandet må reklamasjon skje seinast 60 dagar etter passering. Rettslege tvistar om reklamasjon skal avgjerast ved domstolen der Operatøren har sin adresse.

# Lokale avtalevilkår

## 1. Omfang av avtalen

- 1.1 Privatpersonar kan registrere maksimum to kjøretøy pr. avtale. Firma kan registrere så mange biler dei ønskjer på ein avtale, dersom kjøretøyet er registrert på same gyldige organisasjonsnummer. Det blir kravd éi brikke pr. bil.
- 1.2 AutoPASS-brikka er i seg sjølv ikkje eit bevis for gyldig avtale. Betalt faktura og korrekt montert elektronisk brikke gir rett til rabatterte satsar i HB AS.

## 2. Faktura og avrekning

- 2.1 For firmakundar med forskotsavtale og meir enn to bilar vert forskotsinnbetaling rekna ut på følgjande måte: Ein forskotsatts dekkjer to bilar i same vekt-klasser. Satsen følgjer vald rabatt og storleik på bil.
- 2.2 Ny faktura blir sendt når det er ca. 25 % att av forskotsbeløp for den rabattsats som er vald i avtaletypen.

## 3. Endring i avtale

- 3.1 Alle endringar i avtalen, slik som bytte/sal av bil, avtaletype eller adresse, skal meldast til selskapet innan 3 verkedagar.
- 3.2 Kunden er ansvarleg for å fjerne brikka ved sal eller avhending av kjøretøyet. Brikka kan da overførast til nytt kjøretøy eller returnerast utstedt for oppseiing av avtale.

## 4. Refusjonar

- 4.1 Atståande beløp av innbetalt forskot blir refundert ved oppseiing av avtale. Dersom kontonummer ikkje er oppgitt i avtalen, vil beløpet gå til den konto som forskotsbeløpet sist blei betalt frå. Beløp under kr 50 vert ikkje refundert.

## 5. Lyssignal

- 5.1 Manglande lys kan skuldast at avrekningssaldo er null. Saldo blir oppgitt på [www.hardangerbrua.no](http://www.hardangerbrua.no).

Ved feil på brikka må HB AS v/Vegamot AS kontaktast.

## 6. Fritak

- 6.1 El-bilar, Hydrogenbilar, Utrykkingskjøretøy og bussar i konsesjonert rute har fritak for passeringar i bomstasjonen. Kjøretøya må ha AutoPASS-avtale og vere utstyrt med brikke.

## 7. Takstar

- 7.1 Kunden sin saldo blir belasta med den pris som gjeld til ei kvar tid.
- 7.2 Gjeldande takstar for HB prosjektet finst på [www.hardangerbrua.no](http://www.hardangerbrua.no)